



Hans Albert Bredholt  
Nævdal 96  
5957 MYKING

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1557 - 16/13872

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
24.05.2016

## Registrert lekkasje i septiktank. Varsel om vedtak om pålegg og tvangsmulkt - gbnr 35/29

Lindås kommune har 10.05.16 motteke melding frå Jonny Birkeland Transport AS om lekkasje frå septiktank på eigedommen.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

### **Septiktanken må utbyttast/lekkasjen utbetrast. Frist for arbeidet vert sett 24.06.16.**

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdera å gje pålegg om utbetring, jf. forureiningslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra lekkasje på anlegget/bytte septiktank må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak.

Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen, skjemaet signerast av utførande rørleggar. Skjema sender du til

- [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no) eller
- Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø



Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg

**Mottakarar:**

Hans Albert Bredholt

Nævdal 96

5957

MYKING